



Statens vegvesen



E136 Tresfjordbrua og Vågstrandstunnelen: Endra takst- og rabattsystem

Stortinget har vedteke ein bompengereform. Målet med reforma er forenkling og effektivisering av bompengeneinkringa. Takst- og rabattstrukturen for E136 Tresfjordbrua og Vågstrandstunnelen blir difor endra frå 1. juli 2019:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig brikke og elektronisk avtale får automatisk 20 prosent rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Dei førehandsbetalte avtalane for å oppnå lokal rabatt på 30–50 prosent rabatt blir awikla.

Nye takstar (2019- kroner):

Bomstasjon	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Skjegstad	35	81
Skorgen	35	81
Vikebukta	69	158
Vågstranda	33	74

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå og med 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Køyretøy i takstgruppe 1 får eit passeringstak per bomstasjon på 40 passeringar kvar kalendermånad. Passeringstaket er det høgste talet passeringar eit køyretøy skal betale for kvar kalendermånad. Ordninga med passeringstak gjeld ikkje takstgruppe 2.

Eksisterande ordning med «omvendt timesregel» i bomstasjonane til Skjegstad og Skorgen blir ført vidare.

Nullutsleppskøyretøy, dvs. el- og hydrogenkøyretøy køyrer gratis. Det krevst gyldig avtale og elektronisk brikke for å få fritak for betaling.

Fritak frå betaling av bompengar blir gitt etter gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt.

Avtaler

Sluttavrekning og eventuelt beløp ein har til gode på førehandsbetalte avtaler blir betalt tilbake seinast 1. oktober 2019. Som kunde treng du ikkje gjere noko. AutoPASS-avtalen hos firmaet som har sendt deg brikken vil fortsette. Passeringar blir fakturert frå dette firmaet med rabattane som til ei kvar tid gjeld.

For meir informasjon: www.Eksportvegen.no

Takstendringa kan klagast inn til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.